

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/2474-11

Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2019 - Samferdsle

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda i 2015 og 2016 (i mill. kr)

Programområde	B-2014	B-2015	B-2016
722 Fylkesveggar, miljø og trafikktryggingstiltak	400,505	374,469	324,447
730 Bilruter	264,221	264,742	259,042
731 Fylkesvegferjer	97,422	99,682	107,640
732 Båtruter	120,520	121,107	117,707
733 Tilrettelagd transport	9,671	9,909	9,909
Sum	892,339	869,909	818,745

2 Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn følgjande fordeling av innsparingskrav på 24 mill. kr i 2015 og 84 mill. kr i 2016:

Område	2015	2016
Uføresette hendingar på fylkesvegnettet	-15,0	- 15,0
Drift og vedlikehald på fylkesveg	-7,5	-56,4
Ruteproduksjon – buss	-1,5	-7,2
Ruteproduksjon – båt		-3,4
Fylkesvegferjer		-2,0
Sum	-24,0	-84,0

3 Det vert sett av 0,45 mill. kr årleg i driftstilskott til ferjesambandet Solvorn-Ornes i Luster kommune så lenge ferja dekkjer behovet for skuleskyss.

4 Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn ei fordeling av investeringsprogram for fylkesveggar slik det går fram i pkt. 7 i saksutgreiinga.

Vedlegg:

Søknader om økonomisk støtte frå kommunar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HS-sak 29/13 Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-18 - Prioritering av oppgåver på samferdslesektoren

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I budsjettprosessen for 2014 var det fokus på at vi ventar ein større reduksjon i inntektsrammene våre alt frå 2015. Det vart difor vedteke at hovudutvala i løpet av våren skulle gå gjennom aktivitetane i eigen sektor og prioritere innbyrdes mellom desse. Dette arbeidet vart gjort i HS-sak 29/14.

I arbeidsdokument 1/14 slutta finansutvalet seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til gjennomføring av prosessen for utarbeiding av budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Budsjettprosessen føresette at fylkestinget i desember 2014 skal vedta budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018.

I kommuneproposisjonen for 2015 som regjeringa la fram i mai vart det presentert eit framlegg til nytt inntektssystem som gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Dei nye inntektsføresetnadane, kombinert med den korte tidshorizonten for gjennomføringa, gjorde at fylkesrådmannen meinte det ikkje var realistisk å gjennomføre føreståande økonomiplanprosess som planlagt.

Fylkesrådmannen tilrådde derfor ein deling av budsjettprosessen der vi vidare fram mot vedtak i desember 2014 har fokus på budsjettåra 2015 og 2016 samt ein overordna og forenkla økonomiplan for åra 2017-2019. Finansutvalet slutta seg til dette i samband med behandlinga av arbeidsdokument 3/14 den 18. juni.

Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutvalet for samferdsle behandla 27. juni HS-sak 29/14 Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-18 - Prioritering av oppgåver på samferdslesektoren.

2. Felles innleiing til alle hovudutvala

Fylkeskommunen står no overfor den mest krevjande budsjett- og økonomiplanprosessen nokon sinne. Nytt inntektssystem (IS) gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane. Justert for pårekna tapskompensasjon første året og alt forventta inntektsreduksjon, aukar salderingsutfordringa vår som følgje av det nye systemet slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Netto auka salderingsutfordring som følgje av nytt IS	-8,7	-60,7	-112,7	-164,7	-223,7

Ei slik endring i eksterne rammeføresetnader vil stille store krav til omstilling, og gjennom det store krav til organisasjonen vår. I arbeidsdokument 3/14 til finansutvalet la fylkesrådmannen fram følgjande køyrereglar han meiner må vere sentrale gjennom heile denne prosessen:

1. Vi må setje innbyggjarane sitt beste i fokus
2. Vi må vise respekt for alle tilsette
3. Vi må følgje gjeldande lover og forskrifter
4. Oppgåver kan vere lovpålagte, ikkje løysingsmåten
5. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg utgreidde
6. Vi må planlegge og budsjettere realistisk
7. Vi må vurdere oppgåver og tenester, vekk med ostepøvelen
8. Vi må framleis ha nokre vekstelement i budsjetta
9. Vi må sikre rett og nok kompetanse – i føreståande arbeid
10. Vi må framleis arbeide for å betre rammevilkåra våre

Køyrereglane vart positivt mottekne i finansutvalet, og fylkesrådmannen tillet seg difor å gjenta dei innleiingsvis i hovudutvalssakene.

Justert budsjett- og økonomiplanprosess

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Finansutvalet vedtok som følgje av dette å dele den vidare budsjettprosessen opp slik:

Prosess					
Budsjett 2015	Rammer for 2015 i finansutvalet 18.06.2014	Detaljbudsjett 2015 i hovud-utvala sept. 14	Slutthandsaming i Fylkestinget des. 14		
Budsjett 2016	Rammer for 2016 i finansutvalet 18.06.2014	Skisse til naudsynte tiltak i hovudutvala sept. 14	Vedtak i Fylkestinget des.14	Ev. utgreiingar og implement. i 2015	
Økonomiplan 2016-19	Prosessvedtak i finansutvalet 18.06.2014	Hovudutvala vert utfordra oktober og november 14	Saldering av økonomiplan – teknisk i FT des. 14	Økonomiplan -arbeid våren 2015	Vedtak i fylkestinget juni 2015

Som ein konsekvens av denne oppdelinga har hovudutvala fått to oppdrag i no i haust;

- i september (gjennom denne saka) skal hovudutvala vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg følgjande rammeutfordringar på kort sikt:

	2015	2016
Forvaltning	-8	-12
Opplæring	-3	-5
Tannhelse	-3	-3
Plan og næring	-3	-5
Kultur	-3	-5
Samferdsle	-24	-84
Sum utgreiingsrammer	44	114

Med bakgrunn i hovudutvala sine framlegg i denne saka skal finansutvalet 24. september drøfte den kortsiktige tilpassinga til skisserte rammeutfordringar (2015-2016).

- I slutten av oktober skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt. Finansutvalet har fastsett følgjande utgreiingsrammer for sektorane:

	2017-19
Forvaltning	30
Opplæring	88
Tannhelse	11
Plan og næring	11
Kultur	17
Samferdsle	130

Sum utgreiingsrammer**287**

Hovudutvala sine framlegg til utgreiingsområde vert drøfta i finansutvalet 5. november, og skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014. Sjølve utgreiingane vil bli gjorde våren 2015, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

3. Budsjett 2015 / Økonomiplan 2016**Overordna økonomiske rammer**

Ramma til samferdsleområdet er i 2015 på 869,9 mill. 2014-kr. Tala i tabellane for kvart programområde er i 2015-kr med ein føresetnad om 2,5 pst. i prisjustering. Dette vil kunne bli justert når kommunal deflator vert kjent i statsbudsjettet i oktober 2014.

I rammene det lagt inn ein føresetnad om kompensasjon frå staten for auka arbeidsgjevaravgift i 2015 på 4,4 mill. kr og i 2016 på 3,9 mill. kr.

Rammene i budsjettet for 2016 er auka med 4,5 mill. kr i kompensasjon knytt til auka kostnader med ny ferjekontrakt, jf. arbeidsdokument 4/14.

I ramma til samferdslesektoren ligg det 15,660 mill. kr i driftsmidlar knytt til samferdsleavdelinga.

Dette gjev følgjande rammer på programområda (i mill. 2014-kr):

Programområde	B-2014	B-2015	B-2016
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	400,505	374,469	324,447
730 Bilruter	264,221	264,742	259,042
731 Fylkesvegferjer	97,422	99,682	107,640
732 Båtruter	120,520	121,107	117,707
733 Tilrettelagd transport	9,671	9,909	9,909
Sum	892,339	869,909	818,745

Fordeling av midlar på tenestenivå

I det følgjande er det synt framlegg til prioritering av samferdsleramma på dei forskjellige tenestene.

Programområde 722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak

Teneste	B-2014	B-2015	B-2016
7220 Renter for vegforskotteringar	0,000	3,000	1,750
7221 Driftsmidlar overført til investering	53,250	16,377	11,845
7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald (netto)	329,448	355,435	309,945
7223 Fylkesvegar - uforutsette hendingar	8,000	0,000	0,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	1,200	1,200	1,200
7225 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	5,000	5,000	5,000
72299 Fylkesvegar - Kontorbudsjett	3,607	2,907	2,907
Prisjustering (2,5 pst.)		-9,450	-8,200
Sum	400,505	374,469	324,447

7220 Renter for vegforskotteringar

Det er lagt opp til løyvingar i høve til vedtak i sak 14/07 i fylkestinget. Løyvingane er knytt til kompensasjon for rentekostnader til Luster kommune i samband med forskotering av kostnadane med Gullringen-tunnelen.

7221 Driftsmidlar overført til investering

Det er sett av 16,4 mill. kr i driftsmidlar til investering, jf. investeringsprogrammet for fylkesveg.

7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald (netto)

Det er sett av 355,4 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Dette vil gje ei bruttoløyving på om lag 438 mill. kr. Dette er om lag på same nivå som føreset i gjeldande økonomiplan.

I 2014 vert det nytta om lag 200 mill. kr (brutto) til drift av fylkesvegnettet og om lag 239 mill. kr til vedlikehaldstiltak. Det vil vere mogleg å vidareføre dette nivået i 2015.

Rammene til drift og vedlikehald vert redusert monaleg i 2016.

Midlane er førebels ikkje fordelt på område. Fordelinga vil m.a. vere avhengig av kva løysing som vert vald av fylkestinget i høve til rehabilitering av Høyangertunnelen.

Det vert lagt opp til at midlane frå posten til uføresette hendingar vert nytta direkte til vedlikehaldstiltak i dei komande åra

7223 Fylkesvegar - uforutsette hendingar

Det vert ikkje lagt opp til å setje av midlar til å møte uføresette hendingar. Midlane er omprioritert til å nyttast direkte til vedlikehaldstiltak. Dette vil betre rammene til vedlikehald, men gjere oss meir sårbare i høve til å finansiere tiltak som følgje av skred, flaum og liknande.

7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar

Det vert lagt opp til at rammene til FTU vert vidareført på same nivå som tidlegare år.

7225 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane

Det vert lagt opp til at rammene til FTU vert vidareført på same nivå som tidlegare år.

Programområde 730 Bilruter

Teneste	B-2014	B-2015	B-2016
7300 Buss - kjøp av teneste	174,664	189,860	189,860
7301 Buss -skuleskyss undertransportørar/div. grunnskulen	34,766	32,800	32,800
7302 Buss - skuleskyss vidaregåande skule	24,682	21,700	21,700
7303 Ungdomstilbod	8,000	7,500	7,500
7306 Diverse kollektiv	11,370	10,820	10,820
Ufordelt innsparingskrav			-5,700
73099 Bilruter - Kontorbudsjett	10,739	10,739	10,739
Kompenasjon for auka arbeidsgjevaravgift		-2,110	-2,110
Prisjustering (2,5 pst.)		-6,567	-6,567
Sum	264,221	264,742	259,042

7300-7301-7302- Buss

Desse tre tenesteområda omfattar kostnadane med det ordinære rutetilbodet med buss, samt skuleruter utført av undertransportørar. For 2015 vert det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring av dagens rutetilbod. Ein av grunnane til at vi i 2015 kan vidareføre rutetilbodet er mindre kostnadsauke enn forventa på kontraktane.

Godt kollektivgrunnlag med lågare takstar på bybuss og høgare frekvens mellom Førde og Florø og Sogndal og Leikanger er viktige tiltak for å betre kollektivtrafikken i fylket og vert vidareført i 2015 innanfor budsjettet på teneste 7300.

Sjølv om det vert lagt opp til ei tilnærma vidareføring av rutetilbodet i 2015, må kostnadane reduserast med 1,5 mill. kr ved effektivisering og ruteendringar som rår så få som mulig.

Administrasjonen har gjennom arbeidet med anbudsutlysing av rutetilbodet i fylket opparbeidd seg kunnskap som gjer at det heile tida vert gjort vurderingar av om ruteopplegg fungerer hensiktsmessig.

Hovudutval for samferdsle vil i oktobermøtet få ei sak med forslag til tiltak for å redusere kostnadane på dette området med dei nemnde 1,5 mill. kr.

I budsjettet er det føresett at vi får kompensert kostnadsauken vi får på grunn av endringane i differensiert arbeidsgjevaravgift.

7303 Ungdomstilbod

Ungdomstilboda på dette tenesteområdet omfattar Ungdomskort, Trygt heim for ein 50-lapp og lokale transporttilbod for ungdom. For 2015 vert det ei vidareføring av dagens tilbod. For 2016 må også desse tilboda vurderast opp mot det ufordelte innsparingskravet på 5,700 mill. kr omtalt nedanfor.

7306 Diverse kollektiv

Tenesta inneheld kostnader til terminalar, venterom, ruteinformasjon, elektronisk billettering, planlegging og marknadsføring. På same måte som for tenesteområda ovanfor vert det lagt opp til ei vidareføring i 2015, medan endringar i tilbodet må vurderast opp innsparingskrav for 2016.

Ufordelt innsparingskrav

For 2016 ligg det inne i budsjettet eit ufordelt innsparingskrav på 5,7 mill. kr på heile programområde 730. Dette kjem i tillegg til effektiviseringar på 1,5 mill. kr som er nemnd over.

Gjennom utgreiingsarbeid vinteren 2015 skal konsekvensen av eventuelle innsparingar synleggjerast som utgangspunkt for fastsetting av nye rammer for 2016. Nye rammer for 2016 vert vedtekne i fylkestinget i juni 2015.

Programområde 731 Fylkesvegferjer

Teneste	B-2014	B-2015	B-2016
7310 Fylkesvegferjer	97,260	103,200	112,900
Ufordelt innsparingskrav			-2,000
73199 Fylkesvegferjer - Kontorbudsjett	0,162	0,162	0,162
Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift		-1,100	-0,600
Prisjustering (2,5 pst.)		-2,580	-2,823
Sum	97,422	99,682	107,640

7310 Fylkesvegferjer

Kostnadane med fylkesvegferjene inkludert kabelferja mellom Mjånes og Hisarøy rundar 100 millionar i 2015. For 2015 vert det ei vidareføring av dagens rutetilbod.

I 2014 har Sogn og Fjordane fylkeskommune/Statens Vegvesen gjennomført anbod på dei fylkeskommunale ferjene for perioden 2016 – 2025. Rutetilbodet i anbodet er ei vidareføring av dagens rutetilbod, men resultatet er likevel ein kraftig auke i kostnadane. Kostnadsauken i 2016 er første av fleire kraftige hopp for perioden framover. Frå 2019 vil kostnadane vere om lag 40 mill. kr høgare enn dagens kostnad.

I budsjettet er det føresett at vi får kompensert kostnadsauken vi får på grunn av endringane i differensiert arbeidsgjevaravgift.

Ufordelt innsparingskrav

For 2016 ligg det inne i budsjettet eit ufordelt innsparingskrav på 2,0 mill. kr på programområde 731. Gjennom utgreiingsarbeid vinteren 2015 skal konsekvensen av eventuelle innsparingar synleggjerast som utgangspunkt for fastsetting av nye rammer for 2016. Nye rammer for 2016 vert vedtekne i fylkestinget i juni 2015.

Programområde 732 Båtruter

Teneste	B-2014	B-2015	B-2016
7321 Båt - skuleskyss/veglause grender	5,928	5,816	5,816
7322 Båt - ekspress- og lokalruter	107,745	110,512	110,512
7323 Båt - diverse	5,166	6,160	6,160
Auka arbeidsgjevaravgift (ufordelt)		1,200	1,200
Ufordelt innsparingskrav			-3,400
73299 Båtruter - Kontorbudsjett	1,681	1,681	1,681
Kompensasjon for auka arb. gjevar avgift		-1,200	-1,200
Prisjustering (2,5 pst.)		-3,062	-3,062
Sum	120,520	121,107	117,707

7321- 7322-7323 - Båt

Båtrutene i fylket er ein god blanding av skuleruter, lokalruter, godsbåtrute, regionale ruter og ekspressruter. For 2015 vert det i utgangspunktet lagt opp til ei vidareføring av dagens rutetilbod. Sjølv om det vert lagt opp til ei vidareføring av rutetilbodet må vi heile tida sjå på effektivisering og fornuftige ruteendringar. Hovudutval for samferdsle vil i oktobermøtet få ei sak med forslag til ruteendringar. Fylkesdirketøren kan ikkje sjå vekk frå at det vil komme forslag om ruteendring på båt.

I budsjettet er det føresett at vi får kompensert kostnadsauken vi får på grunn av endringane i differensiert arbeidsgjevaravgift.

Ufordelt innsparingskrav

For 2016 ligg det inne i budsjettet eit ufordelt innsparingskrav på 3,4 mill. kr på programområde 731. Gjennom utgreiingsarbeid vinteren 2015 skal konsekvensen av eventuelle innsparingar synleggjerast som utgangspunkt for fastsetting av nye rammer for 2016. Nye rammer for 2016 vert vedtekne i fylkestinget i juni 2015.

Programområde 733 Tilrettelagt transport

Teneste	B-2014	B-2015	B-2016
7331 Tilrettelagd transport	9,500	9,738	9,738
73399 Tilrettelagt transport - kontorbudsjett	0,171	0,171	0,171
Prisjustering (2,5 pst.)		-0,243	-0,243
Sum	9,671	9,909	9,909

7331 Tilrettelagd transport

Det er sett av 6,1 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport. Dette er ei vidareføring av nivået i 2014.

Det er sett at 3,6 til ordninga med serviceskyss i 2015. Det er 19 kommunar som har fått tildelt midlar frå ordninga i 2014.

4. Inndekning av budsjettreduksjon i 2015 og 2016Innleiing

Finansutvalet har lagt til grunn eit innsparingskrav på samferdslesektoren på 24 mill. kr i 2015 og 84 mill. kr i 2016.

Hovudutvalet fekk i oppgåve å vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg desse rammeutfordringane.

Det skal synleggjerast om tiltaka er vurdert som ei kortsiktig tilpassing, eller om dei kan inngå som ein del av den langsiktige tilpassinga til nye sektorrammer.

Det må sannsynleggjerast at kortsiktige tilpassingar er reversible.

Fordeling av budsjettreduksjonen

I framlegg til budsjett er det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring av ruteproduksjonen på kollektivområdet i 2015. I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn eit høgare kostnadsnivå knytt til vidareføring av rutetilbodet enn det prognosane no syner. Dette gir såleis ei monaleg innsparing i høve til rammene i økonomiplanen på kollektivområdet. I tråd med gjeldande praksis/fullmakt med å sjå innsparingar på kollektivområdet i samanheng med drift og vedlikehald på fylkesvegnettet er desse midlane overført til veg.

Dette bidrar til at konsekvensane av budsjettreduksjonen på vegområdet vert noko mindre.

Tabellen under syner fordeling av innsparingane etter at ledige midlar på kollektivområdet er overført til drift og vedlikehald.

Fordeling av budsjettreduksjonen i 2015 på 24 mill. kr og i 2016 på 84 mill. kr er på følgjande område:

Område	2015	2016
Uføresette hendingar på fylkesvegnettet	-15,0	- 15,0
Drift og vedlikehald på fylkesveg	-7,5	-56,4
Ruteproduksjon – buss	-1,5	-7,2
Ruteproduksjon – båt		-3,4
Fylkesvegferjer		-2,0
Sum	-24,0	-84,0

Fylkesdirektøren vurderer at budsjettreduksjonane i 2015 er reversible og kan inngå i den langsiktige tilpassinga til nye sektorrammer.

Reduksjonane i budsjettet for 2016 på kollektivområdet bør også kunne gjennomførast som del av den langsiktige tilpassinga til nye sektorrammer. Korleis dei ufordelte budsjettkutta på kollektivområdet i 2016 skal løysast må vurderast nærmare fram til vedtak i juni 2015.

5. Økonomiplan 2016-2019

I juni gav Finansutvalet hovudutvala i oppgåve å kome med eit framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar (på lang sikt) i storleiksorden 248 mill. kr årleg +10% (samla for fylkeskommunen).

Samferdslesektoren sin del av det langsiktige innsparingskravet er 130 mill. kr.

Finansutvalet såg på desse sektorrammene som utgreiingsrammer og vil kome tilbake med endeleg fordeling av rammene seinare.

Utgreiingsområda skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014, med sikte på å gjere endelege innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

Fylkesdirektøren vil til møtet i hovudutval for samferdsle i oktober leggje fram ei sak om prioritering av område som skal utgreiast for å oppnå samferdslesektoren sin del av det langsiktige innsparingskravet på 130 mill. kr.

6. Søknader frå kommunar

Det er komme følgjande søknader om midlar som bør vurderast i samband med budsjettbehandlinga:

- Stryn kommune – søknad om forskotering av gang- og sykkelveg
- Florø kommune – søknad om finansiering av ferjekai på Sør-Skorpa
- Luster kommune – søknad om økonomisk medverknad til drift av ferjesambandet Solvorn – Ornes

Fylkesdirektøren tilrår å ikkje å støtte søknadane frå Stryn og Flora. Det vert tilrådd at fylkeskommunen vidarefører tilskotet på 0,45 mill. kr til drift av ferjesambandet Solvorn-Ornes i Luster kommune så lenge ferja dekkjer behovet for skuleskyss.

Søknadane er nærmare omtalt i vedlegg.

7. Investeringsprogram fylkesveg 2015-2018

Ordinære investeringar

Det vert lagt opp til følgjande investeringsprogram i perioden 2015-2018.

I høve til Førdepakken er det førebels ikkje lagt inn investeringstal utanom fylkeskommunen sitt bidrag på 25 mill. kr i seks år frå 2018.

Investeringsprogram						
Prosjekt	2015	2016	2017	2018	Sum	
Store prosjekt						
Førdepakken	Ikkje fordelt på år				25,0	25,0
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (slutføring)	5,0					5,0
Fv. 616 Bremangersambandet (slutføring)	3,8					3,8
Fv. 60 Olden-Innvik, parsell Agjeld-Ugla (slutføring)	6,3					6,3
Sum store prosjekt	15,1	0,0	0,0	25,0		40,1
Mindre utbetringar						
Fv. 243 Aurland-Stegastein (refusjon forskottering)	4,0	4,0				8,0
Fv. 365 Pilestredet bru	6,2					6,2
Fv. 542 Osstrupen bru	14,1					14,1
Fv. 31 Daløy ferejekai - utbetring		13,3				13,3
Fv. 633 Rasoverbygg Kleiva		10,2	30,7			41,8
Avslutning av diverse prosjekt (førebels ufordelt)	2,0					
Sum mindre utbetringar	24,3	27,5	31,6	0,0		83,4
Gang- og sykkelvegar						
Fv. 545 Kinnvegen (slutføring)	27,0					27,0
Fv. 546 Brandsøyvegen	1,3	1,3	1,3	1,3		5,2
						0,0
Sum gang og sykkelvegar	28,3	1,3	1,3	1,3		32,2
Trafikktryggingstiltak	8,0	8,0	8,0	8,0		32,0

Miljø- og servicetiltak	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Kollektivtrafikktiltak	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Planlegging og prosjektering	3,0	1,5	0,8	0,0	5,3
Til fordeling vegsektoren	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
SUM	78,7	38,3	40,8	34,3	193,0

Det vert lagt opp til følgjande finansieringsplan.

Finansieringsplan	2015	2016	2017	2018	Sum
Driftsmidler	16,3	11,8	13,3	7,8	50,1
Refusjon av mva.	13,3	6,0	7,0	1,5	27,8
Fondsmidler	3,0	20,5	20,5		44,0
Lånemidler	46,1				46,1
Førdepakken (lån eller driftsfinansiering)				25,0	25,0
Sum	78,7	38,3	40,8	34,3	193,0

Skredsikring

Det vert lagt opp til følgjande investeringsprogram for skredsikring i perioden 2015-2018:

Prosjekt	2015	2016	2017	2018	Sum
Skredsikring					
Fv. 55 Gullringen		60,4	61,0		121,4
Fv. 152 Allgøya	2,8				2,8
Fv. 337 Bjørnabakken	69,8	58,3			128,1
Fv. 152 Alstokka	4,1				4,1
Fv. 55 Renninganeset - rasvoll Lånefjorden	6,5				6,5
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt		10,0	10,0	10,0	30,0
Sum skredsikring	83,2	128,7	71,0	10,0	292,9

Det vert lagt opp til følgjande finansieringsplan:

Finansieringsplan	2015	2016	2017	2018	Sum
Statleg tilskott	67,5	115,7	69,1	8,1	260,4
Mva. kompensasjon	15,7	13,0	1,9	1,9	32,5
Sum	83,2	128,7	71,0	10,0	292,9

Statleg ramma til skredsikring er 478 mill. kr i perioden 2014-2017. Alle desse midlane er førebels ikkje disponert.

Reguleringsplan for fv. 722 Flovegen i Stryn kommune er venta å vere klar i løpet av 2015. Dette er neste prosjekt i høve til fylkestinget si prioritering av skredsikringsprosjekt. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette i samband med budsjetta for komande år.

8. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere prioriteringar på samferdslebudsjettet og investeringsbudsjettet i samsvar med det som går fram av sakutgreiinga.